

<b>Referat frå møte i FAU</b>	26.10.17
	19.30 – 21.00
	På personalrommet til Vinjar skule

Møte innkalla av:	Maria Klungtveit		
Møteleiar:	Maria Klungtveit	Skrivar:	Marit Eikeland
Møtedeltakarar:	Marianne Kristiansen, Siv Svennes, Maria Klungtveit, Sverre Vik, Marit Eikeland, Ragnhild Sagsveen, Lars Fisketjøn, Gunn Kristin Stråpa, Ragnhild Sukka, Randi Steine, Lise Renate Tistel, Åsta Hedvik Bråtveit		
	Meldt forfall: Arne S. Mehus		

#### **Sak 5 2017/2018 Godkjenning av referat og innkalling**

- Godkjent

#### **Sak 6 2017/2018 10 klassesetur**

##### **Ansvarleg**

- I dag er det ein kombinasjon av dugnad og «støtte» frå grendeskulane for å finansiere 10. klasse-tur.
  - FAU ved Vinjar ønskjer ikkje at dei tek pengar frå grendeskulane, men vil heller ha meir dugnad for å dekke kostnadane. I dag forsvinn alle «skysspengane» (t.d. til skidag) til Vinjar til å sponse 10. klassesetur.
  - Denne saka må me halda varm i kommunalt FAU.
- Leiar og nestleiar

#### **Sak 7 2017/2018 Trygg skuleveg**

##### **Ansvarleg**

- Buss-skur langs skulevegen for å gjera det tryggare.
  - På møtet snakka me ein del om buss-skur langs skulevegen for dei elevane som står å venter på skuleskyss. Me var einige i at det kan skape ein tryggare skuleveg.
  - Etter møtet har Maria lese kommunen sin trafikktryggleiksplan. Der står bl.a. skulevegen vår på agendaen. I kommunikasjonen i etterkant av fau-møtet er me einige om å setje fokus på det som allereie står i planen. Men me vil fremje forslag om at busstoppane raskt blir utbetra med tydeleg markering av t.d. refleks og skilt. Det er viktig med gode refleksar i mørket der det står skuleborn langs vegen.
  - Leiar og nestleiar tek saka vidare til kommunalt FAU.
- Leiar og nestleiar

#### **Sak 8 2017/2018 Meldingar**

##### **Ulik konstitueringspolitikk vedr. klassekontaktar**

##### **Ansvarleg**

##### **(2 pr. klasse eller 1 + vara?)**

- Åsta finn dette ut til neste møte.
- rektor

---

### **5 dagars skuleveke. Kor står me?**

- Skulekameratforeldrane vil gjerne også få seie si mening.
  - Sand skule er veldig fornøyde med 5 dagars skuleveke.
  - Åsta tek saka opp med lærarane og lagar eit forslag på 5 dagars veke viss lærarane er med på det. Ho vil bruke Sand skule sin dagsplan som eit utgangspunkt. Deretter må alle foreldre få lov til å uttale seg. Åsta lagar eit skriv med to alternativ (5 dagars veke eller slik det er i dag) kor alle foreldrene kan kryssa av ein stemme per barn på skulen. Målsetninga er å få det til før jul og evt. oppstart av 5 dagars skuleveke frå 2018.
  - Saka blir avgjort i samarbeidsutvalet.
- rektor

### **Symjeundervisning 2017 / 2018**

- Det gjer ikkje noko om ikkje alle elevane når måla etter 4. klasse. Det vil bli eit halvt år utan symjing. Men med den nye bassenget kan me ta med fleire elevar på ein gong slik at det vil bli meir symje-undervisning på alle elevane.

---

### **Kvalifiserte lærarar som vikarar**

- Skulen prøver å bruke faglærarane som vikarar. Skulen har eit ønske om kvalifiserte lærararar, men det er ikkje alltid like lett å få tak i vikarar.

---

### **Felles reglar vedr. hovudplagg i timar (caps, hatte, osb)**

- Lærarane vil ha ein regel om at ytterplagg (caps, lue, etc) skal vera igjen på gangen. Dette må avklarast i SU. Læraren er sjefen i klasserommet og kan ta avgjersler. Elevane må kunne lære å innrette seg etter det læraren seier.
  - Lærarane blir oppfordra av FAU om ta opp evt. problem i denne saka med ein og ein elev dersom det er eit problem. Åsta vil formidle dette ønske vidare til lærarane.
- rektor

---

### **Sak 9 2017/2018 Ymse**

#### **Facebookside for FAU.**

**Ansvarleg**

- Maria lagar ei lukka gruppe for FAU for å lette kommunikasjonen mellom representantane.
- leiar

#### **Åsta informerte litt om skulen**

- Fin og roleg skulestart. Lite konfliktar og store utfordringar. Hyggelige og blide elevar. Trivselsleiarane tek ansvaret sitt seriøst og det fungerer godt.
  - Ny forskrift på §9 Mobbing. Alle har eit ansvar. Innan 5 dagar skal ein ha klar ein tiltaksplan. Det er følelsene til den som blir plaga som er sanninga i saken. Er nokon utrygge – så er det ei sak.
  - Det vil snart kome to ulike kartleggingsprøver som går på skolemiljøet.
  - Skulen har hatt ein brannøvelse som ikkje var varsle (eller planlagt ☺). Dette fungerte godt.
  - 5. klasse har starta med nasjonale prøver.
  - Elevrådet ønskjer å arrangere loppemarked. Gunn Kristin og Siv tek tråden vidare og jobbar saman med elevrådet.
  - Elevrådet ønskjer å arranger ein talentkonkurranse i februar.
- Gunn Kristin og Siv
- Me venter med å bestemme neste møtedato til me ser korleis det går med 5 dagars skuleveke saka.

27. oktober 2017

Marit Eikeland

skrivar